

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006/2402 - 9	Dokument
Mottatt: - 3 OKT 2006 AFIR/SFI	
Saksbehandler: NIM	Arkiv: 109
Kont:	Avskr.:

Deres ref.:

Vår ref.:  
2006/003854 KJBRU

Oslo, 28. september 2006

### **STRATEGI FORSKNING OG FORSKNINGSBASERT INNOVASJON - HØRINGSUTTALE FRÅ INNOVASJON NORGE**

Vi viser til "Strategi for forskning og forskningsbasert innovasjon" mottatt som e-post 30. august, samt innlegg frå Innovasjon Norge på høyringsmøtet 5. september.

Innovasjon Norge ser forslaget til Strategi for forskning og forskningsbasert innovasjon som eit godt bidrag for å fremme FoU innan landbruksområdet.

Innovasjon Norge vil samtidig understreke nødvendigheiten av å sjå U-delen eller kommersialisering i tett samanheng med F-delen, også med omsyn til økonomiske verkemiddel. Med dagens situasjon med så godt som ingen frie sentrale BU-midlar, er det ei utfordring å få finansiert gode U-prosjekt for å styrke "fellesskapens" trong for FoU, innovasjonsevne og kompetanseutvikling utanfor dei prioriterte områda til verdiskapingsprogramma.


Nødvendigheiten av "fellesskapsmidlar" heng m.a. saman med at ein betydeleg del av næringsaktørane innan heile verdikjeda på landbruksområdet er små, og følgjeleg i avgrensa stand til åleine å stå for FoU. Dette har tradisjonelt skjedd i regi større eller mindre grupper av "fellesskapen", og slik vil det venteleg også vera framover.

Den norske næringsmiddelindustrien er av ulike grunnar særleg utsett. Innovasjon Norge er samd i og vil poengtere viktigheiten i det som er uttalt under "Mat, helse og forbruker" som eit konkurransefortrinn for norsk næringsmiddelindustri.

Vidare vil Innovasjon Norge understreke at nytteverdien for industrien framleis må bli ivaretatt gjennom FoU-verksemda til NOFIMA.

Avslutningsvis vil vi minne om at Innovasjon Norge på oppdrag for Landbruks- og matdepartementet er i ferd med å konkretisere eit utviklingsprogram for grønt reiseliv og ein handlingsplan for Inn på tunet. Begge desse vil kunne komme med konkrete forslag til FoU.

Med vennleg helsing  
for Innovasjon Norge



Inger Solberg  
direktør



Kjell Bruvoll  
spesialrådgjevar

VI GIR LOKALE IDEER GLOBALE MULIGHETER